

# Skåla

TEMA: Kirke og kloster ⑤52, Jektefart ⑤89

KART: ⑤53

*Den bøgreste Kvinnberadskyrkja, med den karakteristiske profilen mot den mektige Malmangernuten i bakgrunnen, gjev deg i sjeldsynt grad ei kjensle av å oppleve eit historisk landskap, når du rundar Nes og møter dei velstelte bøane på Skålagarden. Kyrkja på SKÅLA er ei av dei fire fjordungskyrkjene i fylket, og denne garden var sentrum i skippreida.*



**K**vinnherad kyrkje og Skåla kyrkje er nemningar som vi vekselvis møter i dei skriftelege kjeldene. Første gang vi finn kyrkja omtala, er i 1306. Dei gotiske stildetaljane i vestportal og korvindaugo viser at steinkyrkja er bygd mellom 1260 og 1300. Opphavleg kan ho ha hatt vesttårn, men i dag er kyrkjetaket trekt ut over tårnmurane. På nordsida av koret ligg det eit gravkapell frå 1670 og eit sakristilbygg frå 1913. Då vart kyrkja restaurert under leing av domkyrkjearkitekt OLAF NORDHAGEN. Glasmåleriet i austvindauga i koret er laga av engelskmannen C.O. SKILBECK.

Gravkapellet er bygt av baron LUDVIG

ROSENKRANTZ og inneheld 15 sarkofagar. Her kviler AXEL MOWAT og kona KAREN (④48), Ludvig Rosenkrantz og kona KAREN MOWAT og biskop EDVARD LONDEMANN ROSECRONE med kona ANNA NYEGAARD.

Altertavla, som er prydd med Rosenkrantzfamilien sitt slektsvåpen, er måla i 1705 av HANS SAGER. Preikestolen, med evangelistframstillingar og utskorne detaljar i renessanse og barokk må vera frå tida kring 1630. I skipet heng ei stor lysekrona i messing med inngravert våpenskjold og innskrifta «Anna Godzen Sc Müller 1766». I kyrkjetårnet heng det to klokker frå mellomalderen. □

## SKATTEFUNNET FRÅ HATTEBERG

Det rikaste funnet frå vikingtida i Kvinnherad har ikkje lege i noka grav, men vart i 1932 funne nedgrave i ein grusbakke. Der har det venteleg lege gøymt i nær 1000 år. Her er to ringar; ein av gull, ein av sølv og eit stort ringspenne av sølv med ei samla metallvekt på 105 gram gull og 600 gram sølv. Gullringen har eit tverrmål på 8 cm og har vore boren om armen, eller handleden. Sølvringen er ein halsring, vel 20 cm i tverrmål. Ringspennet er ei draktnål, bruka både av kvinner og menn. Ringendane er utforma som plater med rik ornamentikk. Ved rota av platene ser ein to dyrehovud med gapande kjeff. Sjølv om delar av ornamentikken, særleg bandknutane bak dyrehovuda, syner tydeleg påverknad frå irsk ornamentikk, er det liten tvil om at smykket er laga av ein nordisk, og mest truleg ein norsk kunst

handverkar. Stilpåverkningen syner at dei lokale vikingtidskunstnarane våre var vel kjende med sølvsmedtradisjonane på den andre sida av Nordsjøen.

Ringspennet frå Hatteberg.



## «VERVEN I SKALAFJØRO»

I ei sjøbu på kaien i Rosendal ligg eit lite, men innhaldsrikt skipsbyggingsmuseum: trebåtmodellar, teikningar, verktøy og skipsutstyr. Det meste av dette er henta frå Skålauren skipsbyggjeri, som var i vedvarande drift frå 1855. Samlinga ligg på det gamle verftsområdet der det i dag er aktiv produksjon av moderne snøggåtar.

Desse bygdene har lange tradisjonar i fartøybygging og sjøfart. Jondal, Vårldøy, Hatlestrand og Ølve var utgangspunkt for Nordlandsfarten og fraktefarten med salta og tørka fisk.

Dei fleste jaktene vart bygde i Sunnhordland og i ytre Hardanger. I Rosendal vart det i 1870-åra utvikla ein ny type hurtigseglande jakter. Den mest kjende av desse er Roald Amundsens «GJØA», som vart bygd i Skålafjøra av Knut J. Skaala (④410).

